



1. Heimdalsbrynadn (1428 moh)

Følg FV 51 og parker ca. 900 m nord for Flye 1389. Det er ingen stig eller merking i terrenget.

Lengde: 2,3 km ein veg

Høgdeforskjell: 71 m

Tid: 30 – 40 min opp





2. Øystre Rasletinden (2010 moh)

Følg FV 51 til Flye 1389. Stigen startar på vestsida av vegen. Følg merka DNT-sti skilta mot Øystre Rasletinden.

Lengde: ca 6,5 km ein veg

Høgdeforskjell: 620 meter

Tid: Ca 2,5 time opp





3. Fisketjednnuten (1527 moh)

Følg FV 51 til parkeringsplassen ved Flye 1389. Fjellstafettskiltet står ved startpunktet. Stigen er merka med raude pålar frå starten til toppunktet.

Lengde: ca 1,7 km ein veg

Høgdeforskjell: 130 meter



Tid: ca 20-30 min opp



4. Gravolskampen (1281 moh)

Start ved Fv 51, Båtskardstølen. Fjellstafettskiltet står på nordsida av vegen. Følg stigen som går til Gravolskampen.

Lengde: 3 km ein veg
Høgdeforskjell: 139 meter
Tid: ca 45 – 60 min opp





5. Svoloberget (1233 moh)

Ta av FV 51 ca 3 km sør for Beitostølen. Følg stølsvegen ca 9 km til Olestølen. Bombillett kr 50. Fjellstafettskiltet står ved enden av vegen. Følg stigen mot Vinstre. Ta av til venstre ved eit lite fjellstafettskilt i Oleskardet og følg stigen opp på Svoloberget.

Lengde: 1,7 km ein veg

Høgdeforskjell: 233 meter

Tid: ca 30 - 40 min opp




6. Kringlehøgde (1474 moh)

Køyr av Fv 51 ved Coop på Heggnes og følg stølsvegen mot Yddin. Bomveg kr 50,-
Frå bommen er det ca 16 km til infoplassen til Langsua nasjonalpark. Parker her.
Følg merka stig mot Skaget. I krysset ved bekken følg DNT-stigen vestover. Stigen er
skilta på ny der ein tar av og går vidare mot toppen av Kringlehøgde.

Lengde: Ca 3,7 km ein veg

Høgdeforskjell: 358 m

Tid: ca. 1,5 – 2 timer opp



7. Kjølafjellet (1225 moh)



Køyr av Fv 51 ved gamle Heggnes Motel ved skiltet til Robøle. Ta til venstre ved Heggebø barnehage og følg vegen opp gjennom Solhaugbommen til stølsområdet Heimre Kjøllastølen.

Les kart og følg stigen opp til Øystre Kjølafjellet.

Lengde: ca 2 km ein veg

Høgdeforskjell: 185 m

Tid: ca 1 time opp




8. Robølshøvda (886 moh)

Ta av F51 v/Coop Heggnes og følg Robølsvegen ca. 3 km til vegkrysset mot Yddin. Kjør til venstre mot Heggebø ca. 500 m, ta av til høgre på Nørre Robølsvegen og køyr ca. 500 m til P-plassen på venstre side. Følg merka stig til toppen.

Lengde: 650 m til toppen

Høgdeforskjell: 136 m


Tid: 15-20 min ein veg



9. Høgd sør for Midtre Saur (1070 moh)

Nordfrå: Ta av F51 ved Coop Marked Rogne, køyr 1.100 m etter Gamlevegen til Melbybråten. Frå Fagernes: ta av F51 ved nykrysset, køyr 300 m til Melbybråten. Frå Melbybråten køyr Køllstadvegen, deretter Etnlivegen totalt 2,5 km, til bom (kr. 50,-). Køyr vidare på Etnlivegen til Tansberg. Følg stigen frå Tansberg i retning Saur. Etter ca 2,3 km er det merka med fjellstafettskilt og du tek til venstre opp mot turmålet.

Lengde: 3 km ein veg
Høgdeforskjell: 85 meter
Tid: ca 60 min opp





10. Rabalsmellin (1111 moh)

Ta av FV 51 ved Moane og følg stølsvegen mot Fullsenn. Bombillett kr. 60. Følg skilt til Vangsjøen og parker på P-plass v/Vangsjøen Høyfjellstue. Følg skilta stig heilt opp til toppen av Rabalsmellin.

Lengde: ca. 1,6 km ein veg

Høgdeforskjell: 200 m

Tid.: 30-40 min opp




11. Perstølshaugen (1042 moh)

Nordfrå: Ta av F51 ved Coop Marked Rogne, køyr 1.100 m etter Gamlevegen til Melbybråten. Frå Fagernes: ta av F51 ved nykrysset, køyr 300 m til Melbybråten. Køyr Køllstadvegen deretter Etnlivegen totalt 2,5 km til bom (kr. 50). Køyr vidare på Etnlivegen forbi støslaget Lie til parkeringa på Liaåsen. Følg merka stig langs stølsveg fram til turmålet.

Lengde: 2,5 km ein veg

Høgdeforskjell: 47 m

Tid.: 30-40 min opp



12. Skarvemellin (1276 moh)

Nordfrå: Ta av F51 ved Coop Marked Rogne, kjør 1.100 m etter Gamlevegen til Melbybråten. Frå Fagernes: ta av F51 ved nykrysset, køyr 300 m til Melbybråten. Frå Melbybråten køyr Køllstadvegen, deretter Etnlivegen totalt 2,5 km, til bom (kr. 50,-). Køyr vidare på Etnlivegen ca. 6 km forbi Heimstølen til Storåksle(feriste), der det er parkering. Derfrå går stigen fyrst i skogsterreng, så på steingrunn/snaufjell til toppen 1.267 moh. Alternativt kan du køyre Etnlivegen vidare 1,2 km inn til krysset mot Tursjøen, der det er parkering. Stigen går fyrst gjennom skogsterreng, så på steingrunn/snaufjell til toppen.

Lengde: ca. 2 km ein veg

Høgdeforskjell: 340 m

Tid: ca 1 time opp

